



Bs Vest AS
Valavegen 99
5355 KNARREVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/9697 - 22/71535

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
23.09.2022

Løyve til bygging av landbruksveg på gnr. 143, bnr. 1 Håland

Administrativt vedtak: Saknr: 1015/22

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Ove Georg Hvidsten løyve til bygging av omsøkt veg på gnr. 143, bnr. 1 Håland slik kartfigur i saksutgreiing syner.

Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet skal arbeidet stogkast omgåande og Vestland fylkeskommune – seksjon for kulturar skal varslast.
- Der veganlegget kjem i konflikt med stiar, skal tiltak som nemnt i saksutgreiinga gjennomførast.
- Vedtaket er gyldig til 31.10.2025. Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet, fell løyvet bort - jf. Forskrift 2015-05-26-550 om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Tiltaket må vere ferdig innan 31.10.2026.
- Kart som syner plassering av masseuttak og skildring av korleis uttaket skal gjennomførast må sendast kommunen og vere godkjent før tiltaket startar opp.
- Søkjar må syte for å avklare privatrettslege tilhøve som naudsynt avkøyrsløyve til offentleg veg med meir.
- Eigarar av naboeigedom som er med i dekningsområdet for skogen, skal ha høve til å kjøpe seg inn i vegen.
- Vegen skal byggjast i samsvar med normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse for vegklasse 3.
- Veganlegget må ikkje kome i konflikt med anlegg kring driftsbygningen.
- Etter ferdig arbeid skal området ryddast opp.

Saka gjeld

Ove Georg Hvidsten søker om å byggje om lag 730m landbruksveg i vegklasse 3. Vegen skal i grove trekk gå slik det er synt med raud markering i fig. 1. neste side. Landbruksinteressene er gjeve opp til å vere 40% skogbruk og 60% jordbruk. Saka har vorte liggjande ei stund hjå kommunen, noko vi seier oss lei for.




Fig. 1. Omsøkt vegtrase er merka med raudt. Veg merka grønt er det tidlegare gjeve løyve til å byggje. Kjelde: Vedlegg til søknad.



Fig. 2. Vegen skal starte frå den kommunale vegen som syner på biletet. Den skal gå framom siloane og opp mot eksisterande veg som syner til høgre i for

siloane. I dette området vil det verte høge fyllingar.



Fig. 3. For å vinne nok høgde frå området ved driftsbygningen, kan det vere aktuelt å leggje vegtraséen i «dalsøkket» parallelt med eksisterande veg.



Fig. 4. Frå området synt i fig. 3 skal vegen gå på eksisterande veg.



Fig. 5. Vidare over mot øvste høgdedraget skal vegen gå om lag slik som den stripla lina syner. Øvst oppe er vegen i praksis ikkje eksisterande slik det går fram av fig. 6 nedanfor.



Fig. 6.



Fig. 7. Om lag der biletet 5 (fig. 5) er teke i frå (sjå òg fig. 1), ynskjer søkjar å lage ein sideveg og etablere ein snuplass for bilar.

I samband med vegbygginga skal det takast ut massar på om lag 450m³. Det er ikkje klårlagt kvar dette masseuttaket skal skje. Kvar uttaket skal skje og korleis det er enkelt gjennomført må merkast av på kart og sendast kommunen før arbeidet med vegen startar opp.

Det er tidlegare gjeve løyve til å byggje veg frå Årdalsvegen og opp mot endepunktet for den no omsøkte vegen. Vegen vert såleis knytt til «Årdalsvegen» med avkøyrsløse mot fv 57 til Mongstad. I tillegg vil den få tilkomst til kommunal veg som endar på Håland. Det vil såleis vere naudsynt å avklare om det trengs løyve til ny avkøyrsløse kommunal veg og endringsløyve på Årdalsvegen før arbeidet kan setjast i gong.

VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av slike vegar skjer på som måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar med meir som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av vegen.

Prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Etter søk i naturbasen og artsdatabanken er det ikkje gjort funn i eller kring vegtraséen.

24.11.2021 vart søknaden sendt regionalt kulturminne og internt i kommunen for vurdering i høve kulturminne- og friluftssinteresser. Samstundes vart søknaden sendt Statsforvaltaren i Vestland for uttale.

Vi har ikkje motteke uttale frå Vestland fylkeskommune. Før vegen ned mot Årdalsvegen vart godkjent, gav fylkeskommunen fylgjande uttale dagsett 03.03.2021: Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traséen kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. På sjølve eigedomen og i utmarksområde til eigedomar i nærleiken er det funne funn av gravminne frå førhistorisk tid. Askeladden id. 118249, 72990 og id. 6413, men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart likevel vurdert å vere lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar og tuffer m.m.

Fylkeskommunen gjorde den gong elles merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at dei har fått melding om mogeleg funn.

Fylkeskommunen minte òg om at Vestland fylkeskommune ved Seksjon for kulturarv også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova.

Varselet skal innehalde fylgjande informasjon.

- Gnr. – bnr. – kommune
- Kart over hogstområde og eventuelle planlagte driftsvegar, velteplassar m.m.
- Info om eventuelle kjende kulturminneverdiar i området
- Planlagt oppstartsdato
- Kontaktperson – e-post og organisasjonsnummer.

Alver kommune, kultur har i brev av 03.03.2021 gjeve fråsegn. Dei peikar på at landbruksvegen ligg i eit område som er registrert som friområde i kartlegginga som Lindås kommune gjennomførte i 2017. Dette området strekkjer seg frå Erstadvegen i sør og nesten til Fossevatna i nord med Svarthamrane og Kvamsfjellet som dei viktigaste turmåla. Området grensar òg til andre friluftsområde.

Siste del av stien frå Kvamsfjellet og ned til den eksisterande skogsvegen i Årdalen går over den aktuelle eigedomen, og det ser ut til at den vil kome i konflikt med den planlagde vegen der desse møtast. Også turen rundt Fossevatna vil ha (eit av fleire) utgangspunkt i den planlagde vegen. Det er viktig å ta omsyn til friluftssinteressene ved bygging av vegen.

Vidare peikar Alver kommune, kultur på at den planlagde skogsvegen vil kunne erstatte eksisterande sti på delar av traséen til Kvamsfjellet, men det må då vere enkel tilkomst for turgåarar frå stien og inn på den planlagde skogsvegen der desse møtast. Det same gjeld stien mot Fossevatna. Vidare vert det halde fram at er viktig at ein unngår at turgåarar må forsere m.a. bratte vegskulderar eller høge skjeringar for å kome frå stien og inn på skogsvegen eller omvendt. Dersom skogsveg kjem i konflikt med friluftslivet bør stiar leggjast om i alternativ trasé, og denne bør skiltast.

Endeleg ber Alver kommune, kultur om at eventuell bom kan passerast med barnevogner og rullestolar.

Alver kommune, kultur kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med kulturminneinteresser.

Statsforvaltaren har ikkje kome med uttale. Vi minner likevel om at dei gav uttale i høve den alt godkjende vegen (grøn farge i fig. 1). I denne fråsegna peika Statsforvaltaren på at delar av dekningsområdet for vegen ligg slik til at det ikkje må gjerast inngrep som kan påverke Fossevatnet verneområde (dette gjeld mellom anna avrenning i samband med hogst og/eller bygging av vegen). Dette gjeld òg utanfor verneområdet jf. § 49 i naturmangfaldlova. Alver kommune legg denne uttalen til grunn ved uttak av skog i

influensoområdet til Fossavatnet verneområde og ved bygging av vegen der terrenget hallar ned mot verneområdet.

Frå den kommunale vegen, der vegen går tett i driftsbygningen, vil vegen måtte løftast fleire meter over bakkenivå for å vinne høgde vidare oppover. Tiltakshavar lyt syte for at skråninga vert visuelt dempa og at den tåler den trafikk den er tenkt for.

Det er viktig at vegen ikkje kjem i konflikt med anlegg kring driftsbygningen slik som oppsamling for press-saft.

Vegen skal byggjast i samsvar med «normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse» tilsvarande den standard vegen er søkt om – vegklasse 3. Dette gjeld vegbreidde, kurvatur, krav til veggrøfter og stikkrenner. Vi minner særleg om at det går fram av normalen at slik veg skal ha godkjent løyve til avkøyrsla til fylkeskommunal og kommunal veg. Tiltakshavar lyt sjølv syte for at dette er i orden før anleggsstart. Det same gjeld om det trengs endringsløyve i høve avkøyrsla frå Årdalsvegen til fv 57.

Sidan dekningsområdet for skogen som er teikna inn i høve vegen i stor grad ligg på naboeigedomar, ser vi det som naturleg å setje krav om at aktuelle interessentar får høve til å kjøpe seg inn i vegen.

Regelverk

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/9697»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bs Vest AS
Ove Georg Hvidsten

Valavegen 99
Kvamsvegen 62

5355 KNARREVIK
5911 Alversund